




Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Øving Fårikål 2017

Oppsummering



Krisehandteringsøving for kommunane i Møre og Romsdal måndag 23. oktober 2017

1 Innleiing	2
2 Øvingsmål og måloppnåing	3
2.1 Hovudmål	3
2.2 Delmål 1.....	3
2.3 Delmål 2.....	3
2.4 Delmål 3.....	4
2.5 Delmål 4.....	4
2.6 Delmål 5.....	4
2.6 Læringspunkt.....	5
3 Hovudkonklusjon.....	5

1 Innleiing

Øving Fårikål var ei enkel krisehandteringsøving som Fylkesmannen i Møre og Romsdal la til rette for kommunane i fylket. Øvinga blei gjennomført måndag 23. oktober 2017 kl. 0900 – 1400.

Alle kommunane var inviterte til å delta. 32 av 36 kommunar deltok. Aukra, Rauma, Skodje og Tingvoll deltok ikkje.

Målgruppa var kommunen si kriseleiing og leiingas viktigaste støttefunksjonar (sekretariat/loggførar). Kommunane var i eigne lokalar under øvinga. Spelstaben var i Fylkeshuset i Molde. Fylkesberedskapssjef Stine Sætre var øvingsleiar.

Øvinga var lagt opp som ei varslings- og diskusjonsøving. Kommunane fekk kl. 0900 ei varslingsmelding, eit scenario, og eit sett diskusjons- og treningsoppgåver. Dei skulle kvittere for motteke varslingsmelding, og kvar for seg gå gjennom scenarioet og oppgåvene. Øvinga vart summert opp i to telefonmøter kl. 1230 og 1320 – halvparten av kommunane i kvart telefonmøte.

Øvingsscenarioet var ei hending knytt opp mot utfall av EKOM som følgje av langvarig straumbrot. Scenarioet og øvingsopplegget er nærare gjort greie for i *gjennomføringsplan* og *øvingskompendiet* som vart distribuert i samband med øvinga.

2 Øvingsmål og måloppnåing

Den vidare oppsummeringa er strukturert etter dei fastsette øvingsmåla. Oppsummeringa og refleksjonane byggjer på Fylkesmannen sine observasjonar under øvinga – gjennom kvitteringar for motteke varsling, situasjonsrapportar og tilbakemeldingar gitt i telefonmøta. Fylkesmannen sin evaluering gjev derfor ei grov oversikt over vesentlege erfaringar.

2.1 Hovudmål

- Øving Fårikål 2017 skal bidra til at sårbarheita ved omfattande uønskte hendingar i samfunnet vert redusert.
- Øvinga skal òg tene som årleg gjennomgang av grunnleggande beredskapsdugleik: handtering av varslingsmeldingar, etablering av kriseleiing og utnytting av krisestøtteverktøyet CIM.

Tilbakemeldingar frå kommunane går på at øvinga var nyttig for å teste kriseleiinga på større hendingar. Fleire kommunar har avdekt manglar i planverk, men det har òg kome fram kva som fungerer godt.

2.2 Delmål 1

- Øvinga skal avklare om kommunen har tilfredsstillande planverk og rutinar for mottak, vidare distribusjon og handtering av beredskapsvarsel.

Sett frå Fylkesmannens ståstad fungerte varslinga bra. Fylkesmannen sender varsling til beredskap@xxx.kommune.no, og det er kommunane sjølve som sørger for at denne automatisk vidare distribuerast til dei rette personane i kommunen. Alle kommunane, med to unntak, kvitterte i løpet av 30 minutt og Fylkesmannen fekk berre éi kvittering frå kvar kommune

2.3 Delmål 2

- Øvinga skal avklare om kommunen har tilfredsstillande planverk og rutinar for raskt å etablere operativ kriseleiing når situasjonen krev det, her under:
 - Identifisere og vurdere utfordringar knytt til leiarskap og prioritering
 - Identifisere og vurdere utfordringar knytt til informasjonsberedskap
 - Teste og vurdere betydinga av god eigenberedskap
 - Teste og vurdere merksemd og kunnskap rundt involverte aktørars ansvar og roller i ekstraordinære situasjonar.

Det ser ut til at kommunane har gode rutiner for å etablere kriseleiing og at det er god kjennskap til kva roller og ansvar kommunen har. Fleire kommuner har peika på forbetringspotensiale i planer for krisekommunikasjon. I dette inngår mellom anna kvalitetssikring av kontaktinformasjon til alle aktørar samt planlegge for å ha definerte

kontaktpunkt ute i bygdene. Det vart òg uttala eit behov for å ha betre rutinar for testing av straumaggregat.

2.4 Delmål 3

- Øvinga skal gje kommunen eit høve til praktisk trening i bruk av krisestøtteverktøyet CIM. Vi oppmodar kommunane til å *dele rapport* i CIM (i staden for å sende som e-post).

Samanlikna med fjorårets Fårikåløving er det ein formidabel framgang i kor mange som delte rapport i CIM. Dette lover godt, og Fylkesmannen tolkar det dit hen at brukarforum for CIM med konkrete øvingsoppgåver gjev god avkastning.

2.5 Delmål 4

- Øvinga skal gje kommunane og Fylkesmannen høve til å trene på bruk av telefonmøte som informasjonskanal under krisehandtering.

Fylkesmannen har erfaring med at telefonmøte er noko som alle har godt av å øve på. Det er krevjande å vere så mange i same telefonkonferanse og alle må vite korleis ein kan slå av sin eigen mikrofon når andre snakkar. Det vart nemnt av fleire at ein må bli betre til å halde seg innanfor tilmålt tid.

Slike telefonmøte er eit nyttig verktøy for Fylkesmannen og vår samordningsrolle. Vidare krev telefonmøte minimalt med tid frå aktørane i forhold til nytteverdien ved reelle hendingar.

2.6 Delmål 5

- Øvinga skal gje kommunen høve til å diskutere korleis eit scenario vil påverke kommunen lokalt, og aktuelle løysningar på problemstillingane.

Øvingsformatet gjer det vanskeleg å vurdere dette øvingsmomentet utanfrå. Kvar enkel kommune må legge eigne diskusjonar og erfaringar til grunn for eventuell oppfølging. I avsluttande telefonmøte verker det som at alle kommunane har diskutert seg igjennom oppgåvene og vi meiner derfor at delmålet er nådd.

2.6 Læringspunkt

Som ein del av evaluering av øvinga skulle kommunane velje tre læringsmål frå øvinga. 29 av kommunane fullførte evalueringa som vart sendt ut som ein spørjeundersøking. Resultatet er vist i tabell nedanfor og gjer ein god peikepinn på kor utfordringa ligg:

Kategori	Læringspunkt frå kommunane
Planverk	<ul style="list-style-type: none">- Planverk må vere oppdatert- Må ha plan og rutinar for desentraliserte kontaktpunkt i krinsane- Lage/gjennomgå krisekommunikasjonsplan- Utbetre den overordna ROS analysen- EKOM må inn i planverk- Oppdatere liste over prioriterte kommunikasjonstenester og straum mottakarar- Må ha plan for manuell varsling av innbyggjarane
Kommunikasjon	<ul style="list-style-type: none">- Viktig å få ut nok informasjon før utfall av straum og EKOM- Informasjonsflyten i ei slik hending må avgrensast til det som er naudsynt for å oppretthalde tilstrekkelege tenester- Oppdatere/kvalitetssikre kontaktinformasjon til andre aktørar- Øve meir på bruk av alternativt samband- Treng fleire satellittelefonar- Må ha satellittkommunikasjon med brannvesenet
Organisering	<ul style="list-style-type: none">- Førebu så mykje som mogleg i forkant av hendinga, bruke tilgjengeleg tid i tidleg fase best mogleg- Ha oppdatert planverk tilgjengeleg i perm- Treng meir kunnskap og rutinar for korleis vi skal kommunisere når straum og EKOM ramlar ut- Undersøke om skular og barnehagar skal få naudstraum for ikkje å lamme beredskapsfunksjonar som mange foreldre har- Kartleggje tilgjengeleg utstyr og ressursar- Treng rutinar for testing av aggregat- Trygge dieselforsyning til drift av aggregat- Skaffe kjennskap til leverandørane beredskapsplanar (drivstoff, straum, mat, medisin)- Manglar stadfortredar i fleire posisjonar- Behov for fleire EKOM øvingar i kommunen

3 Hovudkonklusjon

Fylkesmannen konkluderer med at Øving Fårikål 2017 har vore ei god øving med nytteverdi for kommunane. Tilbakemeldingane frå kommunane tilsei at dei har fått testa planverk og identifisert kor det er behov for utbetring. Ved utfall av EKOM er det viktig at det er gjort mykje godt arbeid før det skjer, og dette vart påpeika av fleire. Det er gledeleg å sjå framgang i bruken av CIM som krisestøtteverktøy og Fylkesmannen bør kanskje legge opp til ein meir aktiv bruk av CIM i framtidige øvingar.

Fylkesmannen meiner at øvingsmåla i hovudsak vart nådd. Ikkje på den måten at vi etter øvinga kan kvittere ut at alle øvingsmoment fungerer, men gjennom at øvinga har lagt til rette for at vesentlege

deler av kommunen sitt beredskapsansvar er synleggjort, diskutert og at forbedringspunkt er noterte. Korvidt den enkelte kommune har nådd alle øvingsmåla, må avklarast lokalt. Det same gjeld sjølvstøtt interne forbedringspunkt og intern oppfølging.